



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Dirk Kohlmann, 55 57 21 71

Vår dato
19.11.2014
Dykkar dato
06.10.2014

Vår referanse
2014/12091 512.1
Dykkar referanse
14/2825

Radøy kommune,
Landbrukskontoret
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Løyving - Bu-midlar - Inspirasjonskonferanse - " På skattejakt i Nordhordland " - Del II 190215

Me viser til søknad av 6.10.14 om støtte til dette prosjektet. Søknaden er handsama etter *Forskrift om midler til bygdeutvikling*, tilskotsbrev om næringsutvikling i landbruket 2014, og etter føringar i Regional næringsstrategi for landbruket i Hordaland 2013-17.

Vedtak

Landbruksdirektøren i Hordaland løyver kr. 30.000,- til medfinansiering av Inspirasjonskonferansen «På skattejakt i Nordhordland del II». Løyvinga er avgrensa til 34% av totalt budsjett på kr. 89.000,-.

Vilkår

- prosjektet vert fullfinansiert og gjennomført
- eventuelle endringar i prosjektplan skal søkast skriftleg til FMLA
- oppmoding om sluttutbetaling må følgjast av sluttrapport og –rekneskap

Utgreiing

Landbruksavdelinga ser med interesse på utviklinga og samhandlinga mellom landbruk og næring over kommunegrensene, som ligg i samarbeidet rundt konferansen, spesielt satsinga på Team Nordhordland. I tillegg er tiltaket i seg sjølv interessant som ein brei mobiliseringsarena for regionen. Landbruksavdelinga vil difor bidra til realisering av konferansen.

Utbetaling

På oppmoding frå søker kan inntil 75 % av løyvinga betalast ut i prosjektperioden. 25 % vert halde att til prosjektet er sluttrapportert og godkjend. Krav om utbetaling skal være skriftleg, og vert rekna som aksept av vilkåra for tilsegna. Krav om sluttutbetaling skal leggjast ved rapport og revidert prosjektrekneskap. Reduserte kostnader i høve til budsjett vil vanlegvis føre til tilsvarande reduksjon i tilskotsutbetaling. Prosjektet må være ferdigstilt og rapportert FMLA Hordaland innan 1.06.2015.

Med helsing

Åse Vaag
landbruksdirektør

Dirk Kohlmann
ass. landbruksdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.